

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV APRIL 2006.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset  
Visepres.: Hans Gisle Holstad  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: Ingar Bigset  
Styremedlem: Aage Nytun  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Leiar ungdoms  
utveksling: John Stennes  
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Vigdis Riise

Fødselsdager i april:

Håvard Myrene	01.04
John Stennes (60 år)	03.04
Bjørn H. Holstad	04.04
Aage Nytun	06.04
Arne G. Grimstad	11.04
Håkon Eidsvik	11.04

100% frammøte april, 2006:

Sverre Bjåstad	Håkon Brekke
Johs. Hareide	Hans G. Holstad
Odd Arne Holstad	Arne Lillebø
Jan Håvard Nytun	Trygve Riise
Arve Røyset	Jarle Kristiansen
John Stennes	Bjørn Teigene
Jarle Klungsøyr	

Frammøteprosent: 48,6

## Di makt

Du maktar ikkje å skapa  
eit einaste frø i den vårlege jord.  
Men du kan trakke på det som groor.

Og du kan knuse gleda med  
steintunge, harde ord.  
Du kan ikkje makte å stille bladi til ro  
på eit blåsande tre.

Men du kan hogge det ned -.

Tankane kan du òk styre.  
Ingen veit kvar dei kjem i frå.  
Men du kan stengje dei inn i deg sjølv,  
attanfor lås og slå.

Du kan ikkje skapa det minste strå  
som skjelv for din skume nærleik.  
Avmektig er du.  
Men alt kan du gje din kjærleik.

*Jan Magnus Bruheim*

---

## *Månadsbrev Hareid Rotaryklubb – april 2006.*

*Referent Vigdis Riise*

### **Møte 3. april**

Denne dagen var vi på bedriftsbesøk til Ulsteinkonsernet. Klubben har vore på besøk til bedrifta fleire gonger før, men no var det den nye X-Bowen til Ulstein Design som var under bygging, vi skulle sjå på.

Ulstein Design har med denne nyutviklinga blitt nominert til den høgthengande internasjonale prisen:

**Sea-trade Awaard** i klassa ”**Innovation in Skip Operation.**”

Berre det å verte nominert til denne gjeve prisen er svært prestisjefyllt.

**Sea-trade Awaard** har fire ulike katogoriar, og X-Bowen vart plukka ut som ein av fire kandidatar til prisen for ”**nyskapande konstruksjoner**”.

Vinnaren i år vart det danske selskapet Force Technology som hadde utvikla eit nytt varslings- og overvakingssystem som måler sjøgang og vindstyrke, og som gjer at båtane kan redusere farten eller legge om kursen under ekstreme vertilhøve.

Bedrifta har gjennom utviklinga av X-Bowen bevist at dei er blant dei beste skipsverfta i verda. Bedrifta er med på eit vinnarlag, uttalte marknadssjef Erik Andreassen, sjølv om dei denne gongen ikkje nådde heilt opp.

Per dags dato har bedrifta ordre på fire båtar med denne spesielle baugen. Tre stykke skal leverast til reiarlaget Bourbon Offshore i Herøy, og den fjerde til Island Offshore i Ulsteinvik.

Den siste skal leverast i 2008.

I framtida vil vi nok sjå mange Ulstein båtar med denne spesielle baug konstruksjonen.

Sjøsettinga av den første X-Bowen skjedde 7. april.

### **Måndag 10. og 17. april**

Ikkje møte pga påske.

### **Møte 24. april**

Denne måndagen starta vi oppatt med dugnad på ”Rotarystien” og det møtte opp nærare 20 ivrige medlemmar som gjennomførte mykje godt arbeid. Det vart brukt mange motorsager, store og små hagesakser i tillegg til mange som rydda.

Vi ser no at det verkeleg viser att det arbeidet som til no er gjort og vi kan nesten sjå kor flott resultatet vert.